Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 Fylke: Oppland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Skjåk

Emne: Drikk til maten kvardags Bygdelag: -

Oppskr. av: Edvard Grimstad Gard: Grimstad

(adresse): Lillehammer. G.nr. 42 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjölk

1. Nysila mjölk har ikkje vore mykje brūka til kvardags. Korkje før elder nå. Det var helst småbarn som fekk silingsdropen sin. Kokamaten med var av skuma mjölk. Noko meir nysila blir nok brūka til kokamat nå, men ikkje vanleg til kvardags. Dei brūka nok mykje meir mjölk til kvardags før enn nå, etter at kvar mjölkliter blir rekna i pengar.

2. Mjölk var leskedrikk mykje meir før enn nå. Eg hugsar dei bar ein spilkum mjölk fram til framandfolk som kom inn og sa: „Er du tyrst?".

3. Av mjölk laga dei glåm, mjölk og vatn, skuma söt og sur mjölk, skjör, lite prim blande og mysublande. Første eg hugsar stod det om sommaren i svali ein stamp med mysublande med ei ause opp i eller ved sia, som alle kunne drikke av. Garden ligg ved vegen, og farande folk kunne gå innom og drikke der. — I alle dei gamle stuguene var det innafor dora ein benk dei kalla

5489

s. 2
Emne 28 2

blandstampbenken. Der skulle det stå ein stamp med blande, mest av mysu, og der drakk gardsens folk. Nå er det på det næraste slut med å bruke slik drikke. Så mykje av mjølka som råd skal gå til ysteriet.

Øl

4. På gardane er det mange som heimebryggja til kvardagsdrikk ennå. Når dei ved bryggjinga – den tid dei bryggja av malt – hadde kent av det gode ålet, slo dei kokande vatn på maskin att. Det ålet som nå vart, kalla dei lettøl. Dei sette gjær på det med, men det var ofte så lite søte i det at det ville surne. Lettølet var bruka berre til leskedrikk. Det var ikkje rett å vera øl-laus på ein gard før.
Nå er det sjeldan dei bryggjar av malt. Det blir mest av maltekstrakt, sukker eller "Tomten". Jamnan er det eine- eller einebær-log dei bryggjar på.

Kaffe

5. Det kan vel snart vera 100 år sia dei tok til å drikke kaffe. Det var framandfolk – byfolk – som først kom med han. Det kom to reinsskyttarar til ei budeie ein sommar. Det var bykarar. Dei fidde ho ei pakke rå kaffe og bad ho setja i stand og koke kaffen til dei kom heimpå att frå fjellet om kvelden. Ho var ukjent med kaffe, og sette på ei gryte med mjølk og hadde den rå kaffen oppi. Da skyttarane kom att om kvelden,

5489

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sette ho suppa fram og la skeier
ved.
6. Til dagleg vart kaffen vanleg kring
60-70 år sia.
7. Nå er det kaffe 2-3 gonger dagleg.
I onner 4-5 gonger.
8. Alle kokar kaffen i kjel. Dei
har den malne kaffen opp i
kjelen med vatn og kokar
1-5 minuttar. Klåring
til kaffen er avlagt. Før var
fiskeskinn bruka. Nå brukar
dei sil, eller dei har kaffen
over på ei kanne og slår han
i koppen frå der.
Budeiene på setra spår i grut
for moro. Reglar for spåkunsten
har eg ikkje høyrt om.
Alle kokar løg på gruten. Somme
har serskilt kjel til det.
I krigsåra var det ymse slag
tilsetning og surrogat å få kjøpt.
Ennå er det somme som brukar
noko tilsetning, vanlegast steikte
erter eller rug. I fyrstningen
kaffen var i bruk, laga dei <u>Knubb</u>
til same bruk. Somme bruka
malt og rugmjøl blanda med
vatn til ein deig som dei baka
ut og skar opp i små stykker,
1 cm. i kvar kant på lag, og steikte
Dette gjorde dei oftast når dei
for med flatbrødbakst. Knubben
mol dei på kaffekverna før dei
hadde han i kjelen.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 5489

5.4



Emne 28. 9. Sukker er vanleg brukt. mest raffinade. I fyrstninga det var kaffe. til kring 40 år sia, var det sukker i toppar frå Stokkin. I krigsåra både under første og andre verdskrigen, var det bruka lakkt. sukker, både kjøpt og heimelaka, til kaffen. Brunsukker til kaffe har nok vore svart lite bruka. Aldri nå.

10. Det er vanleg med fløyte te kaffen. I dei aller siste åra har det vorte fleir og fleir som vil drikke kaffe utan fløyte. Der det er vanskeleg, har det vore bruka rauost (mysost) i kaffen. Kemisk (kondensert) mjølk er bruka meir. Visp egg i kaffe er ukjent.

Te.

11. Te til kvardags brukast nok, men ikkje så mykje som kaffe. Det har vore bruka ymse slag planter til te: tegras (gulaks) mjølke. tytebærlad.

12. Før det vart kaffe, var det ofte brennevin, ein dram før dei (karane helst) gjekk ut om morgonen. Ved dugnad skulle det vera brennevin.

13. Noko kjøpt drikkevare blei nok bruka til kvardags av somme, men slett ikkje vanleg. Mest vørterøl og brus.

5489

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING